



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Prop. 27 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2021 under Nærings- og fiskeridepartementet

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 26. november 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2022 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Omtale av forslag til utgiftsendringar

Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Prosjekt knytt til kompetansebehov i framtida

Nærings- og fiskeridepartementet skal delta i eit samarbeid med Kunnskapsdepartementet om forskning knytt til kompetansebehova i framtida. Ansvaret for prosjektet er gitt til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse under Kunnskapsdepartementet. For å dekke kostnader knytt til prosjektet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å overføre 300 000 kroner ekskl. mva. i 2021 til Kunnskapsdepartementet sitt kap. 201, post 21.

Prosess21

Nærings- og fiskeridepartementet har lagt ansvaret for sekretariat for Prosess21 til Noregs forskingsråd. Forskingsrådet har motteke 1,25 mill. kroner for å dekke arbeid knytt til sekretariatsfunksjonen i første halvår 2021. Nærings- og fiskeridepartementet har avgjort å vidareføre arbeidet til Prosess21 ut 2021, og i samband med dette er det avsett meir midlar til sekretariatsfunksjonen.

Desse midla har mellom anna dekt sekretariatet sitt arbeid knytt til å systematisere råd og tilrådingar frå dei ulike ekspertgrupperapportane. Midla skal òg bidra til at Prosess21 ferdigstiller ein rapport på digitalisering av prosessindustri, at sekretariatet kan gi gode innspel knytt til arbeid på batteriområdet og kommunikasjon og dialog med industrien.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om å overføre 1,8 mill. kroner ekskl. mva i 2021 til Forskingsrådet over Kunnskapsdepartementet sitt kap. 285, post 55.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet på dette grunnlaget framlegg om å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner.

Post 25 Forvaltning og utvikling av kompensasjonsordning mv.

I Prop. 195 S (2020–2021) blei det anslått at utgifter for Brønnøysundregistera til utvikling, drift og forvaltning av løysingar for den generelle kompensasjonsordninga ville vere 10 mill. kroner per utbetalingsperiode. Ei forlenging til og med oktober blei anslått å medføre totale kostnader i 2021 på 70 mill. kroner. Ordninga er forlengta for perioden september-oktober 2021. I tillegg er det gjort fleire endringar i ordninga. Samanlikna med anslaget i Prop. 195 S (2020–2021) har kostnadene auka, mellom anna knytt til drift og utvikling av løysinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 10 mill. kroner, frå 70 til 80 mill. kroner.

Post 80 Kompensasjonsordning for utgifter til innreisekarantene ved bruk av utanlandsk arbeidskraft

Utbetalningar frå ordninga hittil, i tillegg til færre i karantene som følge av endra reiserestriksjonar, tilseier at løyvinga kan reduserast.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 420 mill. kroner, frå 920 til 500 mill. kroner.

Post 82 Mellombels støtteordning for publikumsopne arrangement

Innovasjon Noreg har i 2021 i oppdrag å forvalte ei støtteordning på totalt 740 mill. kroner for store, opne arrangement. Innovasjon Noreg antar at 300 mill. kroner vil vere tilstrekkeleg for aktuelle søknader i 2021, inkludert gjennomføringskostnader for selskapet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 440 mill. kroner, frå 740 til 300 mill. kroner. For å sikre dekning for enkelte oppfølgingskostnader og gjenstående utbetalningar til kundar som kan kome i 2022, gjer departementet også framlegg om at restløyvinga på posten i 2021 kan overførast til 2022 ved tilføyning av stikkordet «kan overførast», jf. forslag til vedtak II.

Post 85 Mellombels kompensasjonsordning for verksemder med stort fall i omsetning som følge av koronapandemien, omlagløyving

I samband med Stortingets handsaming av revidert nasjonalbudsjett 2021, jf. Innst. 600 S og

Prop. 195 S (2020–2021), blei løyvinga som skal dekke tilskot til og med oktober 2021, redusert frå 10,055 til 9 mrd. kroner. Utviklinga i utbetalningar frå ordninga sidan mai 2021 tilseier at løyvinga kan bli redusert ytterlegare. Departementet sitt estimat er at samla tilskot vil utgjere om lag 8 mrd. kroner i 2021.

På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1 mrd. kroner, frå 9 til 8 mrd. kroner.

Post 90 Hybridlån til Norwegian Air Shuttle ASA

For å sørge for eit tilstrekkeleg flytilbod gjennom koronapandemien vedtok Stortinget fleire tiltak direkte retta mot flyverksemdene. Dette har inkludert flyrutekjøp, garantiordning og avgiftslettar. Garantiordning for luftfart blei etablert gjennom handsaminga av Prop. 57 S og Innst. 200 S (2019–2020) med ei garantiramme på 6 mrd. kroner. Det blei samstundes gitt ei løyving til tapsavsetjing på 6 mrd. kroner for ordninga. Ordninga blir forvalta av Eksportfinansiering Noreg (Eksfin), dåverande Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK). Det blei gitt særskilde garantirammer for selskapa Norwegian Air Shuttle (Norwegian) med 3 mrd. kroner og SAS AB med 1,5 mrd. kroner. Resterande verksemder medrekna Widerøe AS fekk dermed tilgang til 1,5 mrd. kroner.

Enkelte vilkår i ordninga er seinare justert, og Stortinget har mellom anna gitt tilsegn om at flyverksemdene kunne trekke på garantiordninga fram til og med 30. juni 2021. Maksimal løpetid er tre år frå utbetaling av det garanterte lånet. Ordninga inneber statsstøtte og er notifisert og godkjend av EFTA sitt overvåkingsorgan ESA.

Ved utgangen av trekkperioden for garantiordninga hadde fire verksemder nytta seg av ordninga. Norwegian og SAS hadde nytta sine maksimale rammer, mens Widerøe AS og Airwing AS hadde trekt høvesvis 450 og 10 mill. kroner. Samla var derfor om lag 1 040 mrd. kroner av garantiramma under ordninga unytta ved utgangen av juni 2021.

Det gjekk fram av Prop. 195 S (2020–2021) at regjeringa på egna tidspunkt ville kome tilbake og orientere Stortinget om tapsavsetninga for garantiordninga som følge av handsaminga av rekonstruksjonen i Norwegian. Det blei gjennomført ein rekonstruksjon i første halvår 2021. Eksfin hadde eit krav på totalt 2 989 mill. kroner ovanfor selskapet i samband med garantiordninga.

I rekonstruksjonen blei det lagt til grunn at usikra kreditorar måtte ta eit tap på om lag 95 pst. av sine krav ovanfor verksemda. Det blei imidler-

tid etablert ein struktur kor kreditorar som bidrog med ny kapital ovanfor Norwegian, fekk vidareført ein del av sitt opphavelige krav, tilsvarande inntil to gonger verdien av sine respektive nye kapitalbidrag. Som del av rekapitalisering av verksemda etablerte Norwegian mellom anna eit nytt hybridlån (evigvarande ansvarleg og konvertibelt lån), kor staten deltok med 1 214 mill. kroner. Staten si deltaking i hybridlånet førte til at 2 428 mill. kroner av det opphavelige kravet blei ført vidare i eit nytt rente- og avdragsfritt obligasjonslån. Eksfin har seinare fått gjenvunne 69,3 mill. kroner av tapet. Dette er som følge av ein motrekningsrett som långjevarane hadde ovanfor Norwegian, og som i samsvar med garantiavtalen skal delast med Eksfin. Beløpet inkluderer òg 5 pst. dividende frå Norwegian på kravet som ikkje blei vidareført. I tillegg har Eksfin, som følge av avtale med DNB/Norwegian, eit restkrav på 67 mill. kroner ovanfor Norwegian, med avtala betaling fram i tid. Differansen mellom statsgarantien som er løyst ut, staten sin andel i obligasjonslånet, innbetalt gjenvinning og restkravet, utgjør eit tap for staten. Det konstaterte tapet for staten utgjør 491,7 mill. kroner. Dersom uteståande restkrav på 67 mill. kroner blir innbetalt i samsvar med avtalen, vil det redusere det konstaterte tapet.

Regjeringa viser til at det samla framleis er stort omfang på uteståande ovanfor luftfarten, og at det er ein nær samanheng mellom hybrid- og obligasjonslånet og garantiordninga for luftfart. Regjeringa foreslår at tapsavsetninga for garantiordninga òg kan nyttast til å dekke tapsrisiko knytt til låna til Norwegian.

Gjennom handsaminga av Prop. 79 S og Innst. 233 S (2020–2021) gav Stortinget ei løyving på 1 500 mill. kroner til hybridlån til Norwegian. Som det går fram over, resulterte rekonstruksjonen i at staten sin andel av hybridlånet blei på 1 214 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 286 mill. kroner, frå 1 500 til 1 214 mill. kroner.

Post 91 Obligasjonslån til Norwegian Air Shuttle ASA

Ein viser til omtale under kap. 900, post 90. Gjennom handsaminga av Prop. 79 S og Innst. 233 S (2020–2021) gav Stortinget ei løyving på 3 000 mill. kroner til obligasjonslån til Norwegian. Som det går fram av omtalen over, resulterte rekonstruksjonen i at obligasjonslånet utgjorde 2 428 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga

med 572 mill. kroner, frå 3 000 til 2 428 mill. kroner.

Kap. 902 Justervesenet

Post 01 Driftsutgifter

Situasjonen med koronapandemien har medført lågare reiseutgifter for Justervesenet. Dei reduserte utgiftene motsvarar ikkje fullt ut dei reduserte inntektene frå gebyr og sal av tenester, då Justervesenet i perioden har hatt utgifter sjølv om dei ikkje kunne gjere inntektsgjevande oppgåver som tilsyn. Dette gjeld mellom anna utgifter til løn og til faste kostnader.

På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner, frå 124,6 til 123,1 mill. kroner.

Kap. 903 Norsk akkreditering

Post 01 Driftsutgifter

Norsk akkreditering sine utgifter og inntekter er venta å bli lågare enn det som er lagt til grunn i Saldert budsjett. Koronapandemien har ført til færre oppdrag for å bedømme verksemder og færre reiser, noko som gjer lågare utgifter. Det har òg gitt mindre aktivitet blant eksisterande og potensielle brukarar av akkreditering, som har gitt reduserte gebyrinntekter.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 11 mill. kroner, frå 54,7 til 43,7 mill. kroner mot å nedjustere inntektene på kap. 3903, post 01 tilsvarande.

Kap. 904 Brønnøysundregistra

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Det er nytta færre ressursar enn anslått i 2021-budsjettet. Brønnøysundregistra har hatt ansvaret for den tekniske løysinga og forvaltninga av kompensasjonsordninga for næringslivet og kompensasjonsordninga for utgifter til innreisekarantene ved bruk av utanlandsk arbeidskraft. Dette har medført omdisponering av ressursar til å utvikle desse ordningane.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 47 mill. kroner, frå 140 til 93 mill. kroner.

Kap. 906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Post 30 Sikrings- og miljøtiltak, kan overføres

Det har vore viktig for Direktoratet for mineralforvaltning å dokumentere effekten av gjennomførte miljøtiltak før nye tiltak blir detaljert planlagt og gjennomført. I tillegg har koronapandemien ført til at førebuing og gjennomføring av enkelte tiltak har blitt forseinka. Samla sett vil dette gi eit mindre forbruk på om lag 3,5 mill. kroner i 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner, frå 8,7 til 5,2 mill. kroner.

Post 31 Miljøtiltak Løkken, kan overføres

Enkelte tiltak har teke lengre tid å gjennomføre enn planlagt. Det vurderast òg som føremåls-tenleg å sikre at effekten av tiltak er tilstrekkeleg dokumentert før nye tiltak blir gjennomført.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 4,5 mill. kroner, frå 9,3 til 4,8 mill. kroner.

Kap. 908 Institutt for energiteknikk

Post 72 Lån til flytting av laboratorium og infrastruktur

Staten har tilbydd Institutt for energiteknikk (IFE) eit lån på inntil 40 mill. kroner for å finansiere kostnader i 2021 knytt til flytting av laboratorium og IKT-infrastruktur ut av området som skal overføres til Norsk nukleær dekommissjonering. IFE ønsker å sjå alle avtalar i samband med overføringa av anlegg i samanheng, og det vil derfor ikkje bli inngått nokon låneavtale i 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 40 mill. kroner, frå 40 mill. kroner til 0.

Kap. 909 Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk

Post 73 Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk

Berekningane for budsjettering av ordninga bygger på faktiske utbetalingar og antal sjøfolk for dei fem føregåande terminane og historiske utbetalingar. Antal sjøfolk i tilskotsmodellene for passasjerskip i utanriksfart i NOR og skip i NOR som betener strekninga Bergen–Kirkenes har i løpet av 2021 vore lågare enn det som blei lagt til

grunn i Prop. 195 S (2020–2021). For 4. termin er det forventa ei generell auka aktivitet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 56 mill. kroner, frå 2 666 til 2 610 mill. kroner.

Kap. 910 Sjøfartsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

I februar 2021 blei det oppretta ei ny ordning for bedrifter som opnar for å hente inn arbeidskraft frå utlandet. Sjøfartsdirektoratet fekk ansvaret for å administrere ordninga. Det blei gitt ei tilleggs-løyving på 5,8 mill. kroner til administrasjon av ordninga, jf. Innst. 600 S og Prop. 195 S (2020–2021). Utgiftene skal dekke konsulentbistand i samband med implementering av den tekniske løysinga og lønsutgifter til handsaming av søknader. Sjøfartsdirektoratet har berekna at forvaltning av innreiseordna totalt vil koste om lag 12 mill. kroner i 2021.

I 2021 har Sjøfartsdirektoratet sin drift i stor grad vore normal til tross av koronasituasjonen. Direktoratet har hatt høg turnover og dermed lågare lønsutgifter, reiseutgifter og utgifter til opplæring enn tidlegare. Dette betyr at Sjøfartsdirektoratet kan dekke meirutgifta på om lag 6,2 mill. kroner til innreiseordninga innafor si eiga ramme.

Med bakgrunn i auka inntekter under kap. 3910, post 03 gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke i løyvinga med 3,55 mill. kroner frå 453,6 til 457,1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3910, post 03.

Kap. 917 Fiskeridirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Fordi reglane for bokføring av refusjonar er endra frå bruttoføring til nettoføring blir inntektene og utgiftene til Fiskeridirektoratet reduserte med om lag 5 mill. kroner i høve til Saldert budsjett 2021.

Fiskeridirektoratets driftsløyving blei i 2021 auka med 32 mill. kroner for å styrkje fiskerikontrollen, finansiert gjennom ei kontrollavgift for fiskeflåten. Direktoratet er godt i gang med å bygge ny kapasitet, men det tar tid før ein får full kostnad av nye årsverk. Ein stor del av midla er òg planlagt nytta til langsiktige utviklingsprosjekt der delar av utgiftene vil kome i 2022 og seinare. Av omsyn til kravet om realistisk budsjettering i løyvingssystemet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 24 mill. kroner i 2021. Departementet vil

gjere framlegg om å løyve midla på nytt på eit seinare tidspunkt.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med totalt 29 mill. kroner, frå 476,2 til 447,2 mill. kroner.

Post 22 Fiskeriforskning og -overvaking, kan overførast

Ein viser til nærare omtale under kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet, post 74 Fiskeriforskningsavgift om å redusere anslaget på innbetalt avgift i 2021. Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 6,1 mill. kroner, frå 125,1 til 119 mill. kroner, mot at kap. 5574, post 74 blir redusert tilsvarande.

Kap. 919 Ymse fiskeriføremål

Post 74 Erstatningar, kan overførast

Av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1 mill. kroner, frå 1,9 til 0,9 mill. kroner.

Post 76 Tilskot til fiskeriforskning, kan overførast

Ein viser til nærare omtale under kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet, post 74 Fiskeriforskningsavgift om å redusere anslaget på innbetalt avgift i 2021. Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 340 000 kroner, frå 6,9 til 6,6 mill. kroner, mot at kap. 5574, post 74 blir redusert tilsvarande.

Kap. 922 Romverksemd

Post 70 Kontingent i European Space Agency (ESA)

Kontingenten i den europeiske romorganisasjonen ESA blir utbetalt i euro. Norsk Romsenter har hatt utbetalingar i euro til ESA til ein lågare valutakurs enn den som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2021. Nivået på ESA sitt budsjett blir fastsett på ESA sine ministerrådsmøter. Kvart land betaler ein del basert på storleiken på nettonasjonalinntekta. Den norske kontingenten for 2018–2020 blei satt til 2,72 pst. av ESA sitt budsjett. For perioden 2021–2023 er Noreg sin del redusert til 2,33 pst. av ESA sitt budsjett.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å samla redusere løyvinga med 42 mill. kroner, frå 262 til 220 mill. kroner.

Post 71 Internasjonal romverksemd

Utgifter ved deltaking i internasjonal romverksemd blir utbetalt i euro. Norsk Romsenter har utbetalingar i euro til den europeiske romorganisasjonen ESA og EASP-avtalen til lågare valutakurs enn den som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2021.

Storleiken på Noregs årlege innbetalingar følger framdrifta i programma, men Noreg har lagt inn forbehold om at dei årlege utbetalingane frå og med 2020 ikkje skal overstige 45 mill. euro i 2020-prisnivå. Justert til 2021-nivå tilsvarar dette om lag 46,36 mill. euro for 2021, og tilseier eit høgare løyvingssbehov enn det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,3 mill. kroner, frå 510,2 til 512,5 mill. kroner.

Post 73 EU sine romprogram

Kontingent for norsk deltaking i romprogramma til EU blir utbetalt i euro. Ved Stortinget si hand-saming av Prop. 195 S (2020–2021) blei løyvinga redusert med 20,3 mill. kroner som følge av oppdaterte anslag frå EFTA og for å kompensere for lågare eurokurs. Oppdaterte utbetalingskrav frå EU og lågare eurokurs tilseier eit lågare løyvingssbehov enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 160,2 mill. kroner, frå 573,7 til 413,5 mill. kroner.

Kap. 923 Havforskningsinstituttet

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

På grunn av koronapandemien er den oppdrags-finansierte aktiviteten til Havforskningsinstituttet i 2021 lågare enn det som er lagt til grunn i Saldert budsjett 2021. Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga med 40 mill. kroner til, frå 427,4 til 387,4 mill. kroner, og at løyvinga på kap. 3923, post 01 blir redusert tilsvarande.

Post 22 Fiskeriforskning og -overvaking, kan overførast

Som ein følge av endra anslag for inntektene frå fiskeriforskningsavgifta gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at løyvinga blir redu-

sert med 10,5 mill. kroner, frå 214,9 til 204,4 mill. kroner. Det visast til omtale under kap. 5574, post 74.

Kap. 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram

Post 70 Tilskot

Det har vore mykje uvisse om storleiken på Noreg sitt bidrag til EU-programma som blir finansiert over denne posten. Eit revidert budsjettanslag motteke frå EU i november tilseier eit løyving-behov for 2021 på 22,4 mill. kroner. Reduksjonen er i all hovudsak knytt til delprogrammet COSME som er retta mot små og mellomstore verksemdar og entreprenørar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2,4 mill. kroner, frå 24,8 til 22,4 mill. kroner.

Kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap

Post 21 Særskilde driftsutgifter

I Saldert budsjett 2021 er det løyvd 22,7 mill. kroner til å dekke utgifter og fagleg bistand i samband med aksjetransaksjonar i selskap under Nærings- og fiskeridepartementet si forvaltning. Posten skal òg dekke konsulentbistand ved eigar- og strukturmessige vurderingar og VPS-avgifter. Dei samla utgiftene for 2021 er anslått til om lag 40,7 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 17,9 mill. kroner, frå 22,7 til 40,6 mill. kroner.

Post 54 Risikokapital, Investinor AS

Ordninga med pre-så Kornfond blei overført frå Innovasjon Noreg til Investinor i 2020, og det blei oppretta eit nytt mandat for fonds- og matching-investeringar i Investinor. Stortinget vedtok i 2020 at det ikkje skulle opprettast nye fond under den opphavslege pre-så Kornordninga, og at det nye mandatet i Investinor mellom anna kunne ivareta føremålet med ordninga med pre-så Kornfond framover. Det blei lagt til grunn at tilbakebetalte utlån frå pre-så Kornfond kan nyttast som inndekking for løyvingar til risikokapital til det nye mandatet i Investinor. Nærare omtale er gitt i Prop. 1 S (2019–2020) under «Saker i tilknytning til enkeltsekskaper» og under kap. 950, post 54 om Investinors mandat for forvaltning av fonds- og matchinginvesteringar. Ein viser òg til framlegg

om tilbakeføring av 20,5 mill. kroner frå pre-så Kornordninga under kap. 3950, post 55.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga til risikokapital i Investinor med 20,5 mill. kroner frå 120 til 140,5 mill. kroner i 2021. Dette vil auke Investinor sin investeringskapasitet under mandatet. Ein viser òg til omtale under post 91 der det blir gjort framlegg om å auke løyvinga til kapitalinnskott til mandatet med 38 mill. kroner i 2021. Mandatet blir med dette tilført totalt 200,5 mill. kroner i 2021, inkludert 142 mill. kroner som er tilført i ordinært budsjett.

Post 55 (ny) Tapsfond så Kornkapital, Investinor AS

Sidan 1997 har det blitt oppretta fleire så Kornfond med støtte frå staten, gjennom fleire bølger med fond med ulik innretning. I dei to første bølgene med fond er det dei private investorane som eig fonda, mens staten tilførte fonda kapital gjennom ansvarlege lån. I fond oppretta etter 2012 deltar staten som eigar i fonda. Under handsaminga av statsbudsjettet for 2005 blei det gjort vedtak om å opprette nye landsdekkande så Kornfond lokalisert i dei tre universitetsbyane Oslo, Bergen og Trondheim, jf. St.prp. nr. 1 (2004–2005) Nærings- og handelsdepartementet, Budsjett-innst. S. nr. 6 og Budsjett-innst. S. nr. 8 (2004–2005). Under kap. 2421 blei det løyva 500 mill. kroner i lånekapital på post 91 og 125 mill. kroner til å dekke tap knytt til utlåna under post 51. I berekninga av tapsfondet blei det lagt til grunn eit gjennomsnittleg tap på 25 pst. av lånekapitalen. Lån til desse fonda blei opphavleg gitt gjennom Innovasjon Noreg, men det er i dag Investinor som følger opp fonda på vegne av staten.

I oktober 2021 blei så Kornfondet Proventure Seed AS i Trondheim avvika. Fondet har totalt tapt 45,4 mill. kroner knytt til lånet frå staten utover det som blir dekt av tapsfondet. Tapet fordelar seg med om lag 8,8 mill. kroner av hovudstolen og 36,7 mill. kroner i tapte renteinntekter.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 45,4 mill. kroner, for å dekke tap utover tapsfondet i samband med avviklinga av Proventure Seed AS.

Post 91 Kapitalinnskott, Investinor AS

Ein viser til omtale under post 54. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga til mandatet for fonds- og matchinginvesteringar med 38 mill. kroner, frå 92 til 130 mill. kroner. Mandatet blir med dette tilført totalt 200,5 mill. kroner i 2021.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 38 mill. kroner, frå totalt 222 til totalt 260 mill. kroner.

Post 92 Lån til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

I samband med Stortinget si handsaming av Innst. 600 S og Prop. 195 S (2020–2021) blei det vedteke løyvingar på 524 mill. kroner i lån og 366 mill. kroner i eigenkapital til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (SNSK) for å finansiere kjøpet av Hurtigruten Svalbard sine bygningar og bygginga av nye lokale til Svalbard folkehøgskule.

Kjøpet av Hurtigruten sine bygningar har ei total investeringsramme på 690 mill. kroner. Av dette er 105 mill. kroner avhengig av at Hurtigruten oppnår bestemte vekst- og omsetningsmål for hotelldrifta. Oppteningsperioden for vekst- og omsetningsmåla strekker seg til årsslutt 2025, og det er avtalefesta at eit eventuelt tilleggsbeløp skal bli utbetalt i første kvartal 2026. Av den totale investeringsramma er 40 pst. (276 mill. kroner) finansiert med eigenkapital og 60 pst. (414 mill. kroner) med lån.

Bygginga av nye lokale til Svalbard folkehøgskule har ein investeringsramme på 200 mill. kroner. Av dette er 90 mill. kroner finansiert med eigenkapital og 110 mill. kroner med lån.

På generalforsamlinga i SNSK i juni 2021 blei det gjennomført ein emisjon på totalt 318,2 mill. kroner. Av den totale eigenkapitalløyvinga for 2021 står det att 47,8 mill. kroner. Dette beløpet er ein del av eigenkapitalfinansieringa av kjøpet av Hurtigruten sine bygningar. Kor mykje av desse midla som eventuelt vil kome til utbetaling, vil avhenge av kva for vekst- og omsetningsmål som blir nådd for hotelldrifta i oppteningsperioden til og med 2025.

I juni 2021 fekk SNSK utbetalt 342 mill. kroner av løyvinga til lån som i sin heilskap blei nytta for å delfinansiere kjøpet av Hurtigruten sin bygningsmasse. Av den totale løyvinga står det att 182 mill. kroner. 72 mill. kroner er unytta lånemiddel til finansiering av kjøpet av Hurtigruten sine bygningar. Kor mykje av desse midla som eventuelt vil kome til utbetaling, vil avhenge av kva for vekst- og omsetningsmål som blir oppnådd for hotelldrifta i oppteningsperioden til og med 2025. Resterande 110 mill. kroner er unytta lånemiddel for bygging av nye lokale til Svalbard folkehøgskule. Årsaka til at dette lånet ikkje er utbetalt, er at prosjektet er forseinka. Lånet vil bli strukturert som eit byggelån, og det er framleis noko usikkert korleis endeleg utbetalingsplan vil bli ettersom

dette vil avhenge av framdrifta i byggeprosessen. Ein forventar at delar av lånet vil bli utbetalt tidleg i 2022. Midla som fram til no ikkje har vore nytta, er framtidige forpliktingar som løpande må kunne bli stilt til disposisjon for selskapet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 72 mill. kroner, frå 524 til 452 mill. kroner. I tillegg gjer departementet framlegg om at løyvinga blir gjort overførbar med tilføyning av stikkordet «kan overførast», jf. forslag til vedtak II, slik at heile eller delar av dei resterande midla knytt til bygging av lokale til Svalbard folkehøgskule kan bli utbetalt tidleg i 2022. Departementet gjer òg framlegg om fullmakt til å gi tilsegn om tilførsel av eigenkapital og lån som kjem til utbetaling i seinare år, jf. forslag til vedtak III.

Post 95 Egenkapitalinnskot til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

Ein viser til omtale under kap. 950, post 92. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 47,8 mill. kroner, frå 366 til 318,2 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om fullmakt til å gi tilsegn om tilførsel av eigenkapital og lån som kjem til utbetaling i seinare år, jf. forslag til vedtak III.

Kap. 2421 Innovasjon Noreg

Post 50 Innovasjon – prosjekt, fond

Tapsfond

Avsetninga til tapsfond vil ikkje bli fullt ut nytta i 2021, da etterspurnaden etter innovasjonslån er noko låg. I 2022 planlegg Innovasjon Noreg fleire satsingar som vil krevje robuste rammer for tapsfond. Mellom anna skal låneverkemidlar utviklast til å støtte opp under ei auka satsing på vekst. For å få full nytte av europeiske kapitalverkemidlar gjennom InvestEU er det og avgjerande med gode rammer. Nærings- og fiskeridepartementet legg derfor opp til at resterande midlar som er avsett til tapsfond i 2021, kan overførast til 2022.

Omstilling av reiselivs-, event- og servicenæringane

Innovasjon Noreg fekk i 2021 ei ekstra løyving på 1 mrd. kroner til ein tredje utlysingsrunde under denne ordninga. Selskapet melder at midlane ikkje vil bli nytta fullt ut innan utgangen av året. Dei tre rundane ser ut til å ha vore tilstrekkeleg for å nå dei omstillingsprosjekta som er aktuelle å

sette i gang for verksemder i reiselivs-, event- og serveringsnæringane. Dette blir underbygga av at ramma ikkje blei brukt opp.

Reiselivet har under pandemien motteke betydelege midlar over fleire nasjonale ordningar, og særleg omstillingsordninga har vore viktig for reiselivet. I tillegg blei det tildelt kommunale midlar til kommunar kor særleg reiselivet framleis er hardt ramma, mellom anna i Nord-Noreg som er særleg avhengig av internasjonale turistar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 150 mill. kroner, frå 2 802,5 til 2 652,5 mill. kroner. Det som står att av ekstraløyvinga, skal vere tilstrekkeleg til å dekke Innovasjon Noreg sine gjennomføringskostnader.

Post 70 Basiskostnader

I Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022) er det gjort framlegg om å realisere ein effektiviseringsgevinst på 25 mill. kroner på Innovasjon Noreg i 2022 som følge av ein rekke tiltak i oppfølginga av områdegjennomgangen av det næringsretta verke-middelapparatet. Regjeringa har eit mål om å realisere 100 mill. kroner gjennom ulike tiltak innan utgangen av 2024. Dette er ein reduksjon frå regjeringa Solberg sitt budsjettframlegg, som innebar realisering av ein effektiviseringsgevinst på 75 mill. kroner i 2022 og 150 mill. kroner innan utgangen av 2024. Realisering av effektiviseringsgevinster på 100 mill. kroner vil mellom anna krevje at verksemda gjer ein betydeleg reduksjon i talet på medarbeidarar. Innovasjon Noreg har ikkje eigenkapital til å dekke omstillingskostnader som vil kome til i denne samanhengen, og oppdragsgjevarane er forplikta til å dekke verksemda sine forpliktingar, jf. Lov om Innovasjon Noreg. Avsetting til nedbemanning og omstilling må gjerast i Innovasjon Noreg sitt rekneskap det året avgjerda blir tatt.

Det er usikkert kor store dei endelege omstillingskostnadene blir. Sjølv om effektiviseringskuttet blir fordelt over fleire år, vil det først og fremst vere behov for omstillingskostnader i 2022. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at løyvinga blir auka med 75 mill. kroner, frå 172,1 til 247,1 mill. kroner. Det blir lagt til grunn at beløpet som blir sett av til omstillingskostnader, blir avgrensa til det som er naudsynt til forpliktingar som følge av effektiviseringstiltak. Departementet vil vurdere dette nærare og legg òg til grunn at verksemda sjølv dekker minst 20 pst. av forpliktingane.

Post 75 Grøn plattform, kan nyttast under post 50, 71, 72 og 76

Det er gitt ei løyving på 187,5 mill. kroner på denne posten for 2021. I tillegg blei midlar frå 2020 ført over til utlysinga i 2021. Utviklingsprosjekt som har fått midlar frå ordninga i 2021, vil ta tid å gjennomføre, og det er uklart når utbetaling for alle prosjekta vil finne stad.

Av omsyn til kravet om realistisk budsjettering i løyvsreglementet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 187,5 mill. kroner, til 0. I staden gjer departementet framlegg om ei tilsegnfullmakt som skal dekkje tilsegn fram til utgangen av 2021 på 368 mill. kroner, jf. forslag til vedtak IV. Regjeringa vil vurdere å kome med framlegg om auka løyving eller tilsegnfullmakt for 2022 i samband med revidert budsjett i 2022.

Post 79 Tilskot til kondemneringsordning for skip

Innovasjon Noreg fekk i 2021 i oppdrag å forvalte ein tilskotsordning på 146,5 mill. kroner til kondemnering av skip, medrekna offshorefartøy. Det er usikkert kor mykje av løyvinga som vil bli bunden opp i tilsegn i 2021 og kor store utbetalingane vil bli.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at midlar som står att på posten i 2021, kan bli overført til 2022 ved å gi posten stikkordet «kan overførast», jf. forslag til vedtak II.

Post 80 Næringstiltak Svalbard

Innovasjon Noreg har i 2021 ei løyving på 2,05 mill. kroner til omstilling og vekst i næringslivet på Svalbard. Grunna koronapandemien er dette arbeidet noko forsinka, og nokre utbetalingar vil først kome i 2022. Det er venta at det meste av utbetalingane i 2021 kan blir dekka av løyving gitt i 2020.

Av omsyn til kravet om realistisk budsjettering i løyvsreglementet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med om lag 1,8 mill. kroner, til 0,22 mill. kroner. I staden gjer departementet framlegg om ei tilsegnfullmakt som skal dekke tilsegn ved utgangen av 2021 på 3,6 mill. kroner, jf. forslag til vedtak IV.

Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemd, overslagsløyving

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til

renta på statspapir med same løpetid. Innovasjon Noreg refinansierer utlånsporteføljen ved å ta opp kort- og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid frå to månader til fleire år, avhengig av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag blir bruttoført, dvs. at beløpa blir utgifts- og inntektsført kvar gong. Innovasjon Noreg tar opp eller tilbakebetalar eit lån i statskassa og akkumulert. Løyvinga vil variere meir som følge av kor ofte ein refinansierer innlåna enn som følge av endringar i utlånsvolum. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5325. Løyvingsendringane på statsbudsjettet 2021 er basert på realiserte innlån og anslag på innlån for resten av året. Innlåna er anslått å bli høgare enn det som låg til grunn ved Saldert budsjett 2021. Dette inneber òg at avdraga blir auka, jf. omtale under kap. 5325, post 90.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 8,9 mrd. kroner, frå 66,7 til 75,6 mrd. kroner.

Kap. 2429 Eksportkredittordninga

Post 90 Utlån

I samband med Stortinget si handsaming av Saldert budsjett 2021 blei det løyvd 5 mrd. kroner til utlån under statens eksportkredittordning. Nytt anslag for utlån under ordninga er 6,5 mrd. kroner. Det er stor uvisse knytt til tidspunkt for utbetalingar framover.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,5 mrd. kroner, frå 5 til 6,5 mrd. kroner.

Kap. 2460 Eksportfinansiering Noreg

Post 24 Driftsresultat

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om at det blir oppretta ein ny underpost 6 under kap. 2460, post 24 for reguleringsfond og ein fullmakt som gjer heimel for bruk av fondet. Departementet gjer framlegg om ein fullmakt på inntil 5 pst. av løyvinga på kap. 2429, post 70, jf. forslag til vedtak VI.

Som følge av opprettinga av Eksportfinansiering Noreg (Eksfin) er det statlege aksjeselskapet Eksportkreditt Noreg AS (Eksportkreditt) overført til Eksfin frå 1. juli 2021. I samband med dette gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at immaterielle eigendelar, varige driftsmidlar og netto betalbar gjeld, i hovudsak feriepengar

som kjem til utbetaling i 2022, blir overført frå Eksportkreditt Noreg AS til Eksfin.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om at underpost 1 Driftsinntekter aukar med -3,4 mill. kroner, frå -211 til -214,4 mill. kroner, at underpost 2 Driftsutgifter, overslagsløyving, aukar med 2,8 mill. kroner frå 211 mill. kroner til 213,8 mill. kroner og at ny underpost 6, Reguleringsfond, blir løyvd med 3,4 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med netto 2,8 mill. kroner.

Kap. 2540 Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Det har vore reduserte utbetalingar til arbeidsløyse i samband med havari, sal av fartøy og oppseiingar av mannskap i 2021. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere overslagsløyvinga med 20 mill. kroner, frå 100 til 80 mill. kroner.

3 Omtale av forslag til inntektsendringar

Kap. 3900 Nærings- og fiskeridepartementet

Post 01 Ymse inntekter og refusjonar knytt til ordinære driftsutgifter

Av omsyn til kravet om realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 196 000 kroner, frå 200 000 til 4 000 kroner.

Post 02 Ymse inntekter og refusjonar knytt til særskilde driftsutgifter

Av omsyn til kravet om realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 80 000 kroner, frå 80 000 til 0 kroner.

Post 86 Tvangsmulkt

Av omsyn til kravet om realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10 000 kroner, frå 10 000 til 0 kroner.

Kap. 3902 Justervesenet*Post 01 Gebyrinntekter*

Restriksjonar som følge av koronapandemien har medført færre operative tilsyn frå Justervesenet i ein periode. Dette har gitt ein nedgang i gebyrinntektene til etaten.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner, frå 21,2 til 18,2 mill. kroner.

Post 03 Inntekter frå sal av tenester

Restriksjonar som følge av koronapandemien har medført at Justervesenet i ein periode har hatt færre oppdrag mellom anna knytt til kalibrering og som teknisk kontrollorgan. Dette har gitt ein nedgang i inntektene etaten har frå sal av tenester.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 4 mill. kroner, frå 25,3 til 21,3 mill. kroner.

Kap. 3903 Norsk akkreditering*Post 01 Gebyrinntekter og andre inntekter*

På grunn av redusert etterspurnad er det grunnlag for å redusere Norsk akkreditering sine driftsutgifter og inntekter, jf. nærare omtale under kap. 903, post 01.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 11 mill. kroner, frå 49 til 38 mill. kroner, mot ein tilsvarende nedjustering av utgiftene på kap. 903, post 01.

Kap. 3904 Brønnøysundregistra*Post 01 Gebyrinntekter*

Ein auke i saksmengda til Lausøyreregisteret og Føretaksregisteret har medført høgare gebyrinntekter.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 55 mill. kroner, frå 545 til 600 mill. kroner.

Kap. 3906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard*Post 02 Handsamingsgebyr*

Inntektene på denne posten har blitt høgare enn venta.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 351 000 kroner, frå 799 000 til 1 150 000 kroner.

Kap. 3907 Norsk nukleær dekommisjonering*Post 01 Innbetaling frå Institutt for energiteknikk*

Av samfunnsmessige omsyn har staten teke på seg eit medansvar for å finansiere framtidig dekommisjonering (nedbygging og riving) av forskingsreaktorane på Kjeller og i Halden, handtering av brukt reaktorbrensel og oppbevaring av radioaktivt avfall. Institutt for energiteknikk (IFE) sin del av finansieringa har fram til 2021 vore budsjettert på denne posten. Ved behandlinga av Meld. St. 8 (2020–2021) vedtok Stortinget at staten skal dekke alle kostnader til oppryddinga. IFE har tidlegare avsett midlar til eit dekommisjoneringsfond. Mesteparten av dette blei innbetalt til staten i 2020. Resterande om lag 500 000 kroner er innbetalt i 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 8 mill. kroner frå 8,5 til 0,5 mill. kroner.

Kap. 3910 Sjøfartsdirektoratet*Post 01 Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR*

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere gebyrinntektene med 3,3 mill. kroner. Reduksjonen har særleg samanheng med forseinkingar i byggeprosjekt i utlandet grunna koronapandemien.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,3 mill. kroner frå 223,4 til 220,1 mill. kroner.

Post 03 Ymse inntekter

Inntektene gjeld i hovudsak refusjonar frå andre. Sjøfartsdirektoratet ventar samla inntekter på om lag 4 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,55 mill. kroner, frå 0,45 til 4 mill. kroner mot ei tilsvarende auke av kap. 910, post 01.

Post 04 Gebyr for skip i NIS

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7,6 mill. kroner, frå 56 til 63,6 mill. kroner.

Post 86 Lovbrotsgebyr og tvangsmulkt

Sjøfartsdirektoratet har endra prosessen for behandling og siling av moglege gebyrsaker, noko som har medført kortare handsamingstid.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 6,2 mill. kroner, frå 4,8 til 11 mill. kroner.

Kap. 3911 Konkurransetilsynet*Post 86 Lovbrotsgebyr*

Konkurransetilsynet har per 1. september 2021 uteståande gebyr på 1 554 mill. kroner. Det er usikkert når innbetaling av uteståande gebyr i 2021 vil finne sted grunna klagehandsaming og klagefristar. På grunnlag av innbetalte gebyr gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 15,5 mill. kroner, frå 0,1 til 15,6 mill. kroner.

Kap. 3912 Klagenemdssekretariatet*Post 01 Klagegebyr*

Inntektene gjeld klagegebyr på rådgjevande anskaffingssakar og ulovlege direkte anskaffingar handsama av Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA). KOFA har motteke 136 saker så langt i år. Klagenemdssekretariatet forventar at dei vil ta imot inntil 200 saker heile året, mot 100 i 2020, som vil medføre ein auke i inntekter knytt til klagegebyr.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,95 mill. kroner, frå 0,8 til 1,8 mill. kroner.

Post 87 Lovbrotsgebyr

Inntektene på posten gjeld vedtak om brot i klagesaker om offentlege anskaffingar der det er pålagt brotsgebyr. Det er utfakturert klagegebyr i fire klagesaker i år og innbetalt 2,03 mill. kroner ved utgangen av september. Storleiken på rekneskaps-

førte gebyr vil variere frå år til år ut frå talet på saker og eigenarten på sakene.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,6 mill. kroner, frå 1,1 til 4,6 mill. kroner.

Kap. 3917 Fiskeridirektoratet*Post 01 Refusjonar og ymse inntekter*

Ein viser til omtale under kap. 917, post 01. Fordi reglane for bokføring av refusjonar er endra frå bruttoføring til nettoføring blir inntektene og utgiftene til Fiskeridirektoratet reduserte med om lag 5 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, frå 6 til 1 mill. kroner.

Post 86 Forvaltningssanksjonar

Inntektene på posten gjeld tvangsmulkt og gebyr for brot knytt til fiskeri- og havbruksverksemd. Fiskeridirektoratet forventar ei inntekt på 11 mill. kroner i 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 10 mill. kroner, frå 1 til 11 mill. kroner.

Kap. 3923 Havforskningsinstituttet*Post 01 Oppdragsinntekter*

Det visast til omtale under kap. 923, post 21. Nærings- og fiskeridepartementet gjer på dette grunnlag framlegg om å redusere løyvinga med 40 mill. kroner, frå 441,5 til 401,5 mill. kroner.

Kap. 3935 Patentstyret*Post 02 Inntekter knytt til NPI*

Restriksjonar som følge av koronapandemien har truleg medført at Patentstyret i ein periode har hatt færre oppdrag.

Som følge av nedgang i talet på oppdrag knytt til Nordic Patent Institute (NPI), anslår Patentstyret at inntektene på posten kjem til å bli om lag 595 000 kroner lågare enn løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 595 000 kroner, frå 5,1 til 4,5 mill. kroner.

Kap. 3936 Klagenemnda for industrielle rettar

Post 01 Gebyr

Gebyrinntektene avheng av kor mange avgjersler frå Patentstyret som blir påklaga til Klagenemnda for industrielle rettar. Grunna tal over innkomne saker så langt i 2021 venter nemnda at gebyrinntektene kjem til å ligge på om lag 600 000 kroner i 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 149 000 kroner, frå 749 000 til 600 000 kroner.

Kap. 3950 Forvaltning av statleg eigarskap

Post 55 (ny) Tilbakeført kapital, pre-så Kornfond

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å føre tilbake 20,5 mill. kroner frå pre-så Kornordninga i Investinor, jf. omtale under kap. 950, post 54. Investinor har òg hatt eit overskot frå midlar knytt til ordninga med så Kornfond. Midlar knytt til ordninga som blir forvalta av Investinor, blir plassert i rentefond. I 2020 ga midla 4,7 mill. kroner i avkastning. Det var ikkje budsjettert med eit slikt overskot i Saldert budsjett 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 25,2 mill. kroner.

Post 92 (ny) Tilbakeført kapital, så Kornfond

Det er i utgangspunktet forutsett at låna til så Kornfond i andre bølge (etablert i perioden 2006–2009) skal bli tilbakebetalt etter 15 år (spesifisert ved etableringa). Det kan betalast avdrag på tidlegare tidspunkt. Levetida på 15 år gjer at dei fleste fonda i andre bølge no er i avviklingsmodus, og dei tre fonda Kapnord Fond AS, Sarsia Seed AS og Proventure Seed AS er no avvikla. Når midlane blir tilbakebetalte til Investinor, blir dei plasserte på ein ikkje-renteberande konto i Noregs Bank. I 2020 og hittil i 2021 er det tilbakebetalt til saman om lag 424,9 mill. kroner til Investinor. Dette er fordelt med om lag 348 mill. kroner i avdrag og 122,4 mill. kroner i renter. Det blei ikkje budsjettert med tilbakebetaling av midlar i Saldert budsjett 2021.

Det er gjort framlegg om ei utgiftsløyving av staten sitt tap frå Proventure Seed AS, både hovudstol og renter, på til saman 45,4 mill. kroner, jf. nærare omtale under kap. 950, post 55. I samband med avviklinga av fondet har Investinor inn-

gått ein avtale med den private forvaltaren for å sikre staten sine verdiar. Dette inneber at Investinor har overteke ikkje-realiserte eigarpartar i to selskap frå fondet, jf. fullmakt til å inngå slike avtalar med eigarane av fonda om tiltak for å ta hand om verdiar i fonda i Innst. 391 S og Prop. 114 S (2018–2019) og omtale i Prop. 117 S (2019–2020). Dersom desse verdiane blir realisert, vil inntekter frå sal bli tilbakeført til staten.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 348 mill. kroner i avdrag på lån til så Kornfonda.

Post 96 Sal av aksjar

I gjeldande budsjett er løyvinga 25 mill. kroner frå mogelege statlege aksjesal. Endelege og fullstendige beløp for dei einskilde aksjesala er føresett løyvd i løpet av budsjettåret når transaksjonane er avklarte eller gjennomførte, enten i egne proposisjonar eller i dei faste endringsproposisjonane i vår- og haustsesjonen.

Aker Carbon Capture AS

Med grunnlag i fullmakt frå Stortinget, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021), selde departementet alle sine aksjar, tilsvarende 5,85 pst. av aksjekapitalen, i Aker Carbon Capture AS i april 2021. Salssum for transaksjonen var om lag 563 mill. kroner.

Aker Offshore Wind AS

Med grunnlag i fullmakt frå Stortinget, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021), selde departementet alle sine aksjar, tilsvarende 4,88 pst. av aksjekapitalen, i Aker Offshore Wind AS i april 2021. Salssum for transaksjonen var om lag 215 mill. kroner.

Ambita AS

Med grunnlag i fullmakt frå Stortinget, jf. Prop. 1 S (2020–2021) for Nærings- og fiskeridepartementet, selde departementet alle sine aksjar, tilsvarende 100 pst. av aksjekapitalen, i Ambita AS i mai 2021. Salssum for transaksjonen var om lag 963 mill. kroner, der 50 mill. kroner utgjer seljarkreditt med forfall april 2022. Det vert rekna renter av seljarkreditten. Innbetalt salssum i 2021 utgjer om lag 913 mill. kroner.

Tilbakekjøpsavtalar

Generalforsamlinga i eit aksjeselskap kan gi styret fullmakt til å kjøpe tilbake egne aksjar med

føremål å slette desse aksjane på eit seinare tidspunkt. Slettinga inneber nedsetting av selskapskapitalen og må vedtakast av ei ny generalforsamling. Dette er ein metode der eigenkapital blir ført tilbake til aksjonærane. Nærings- og fiskeridepartementet har dei siste åra inngått avtalar som forpliktar staten til å delta ved slike tilbakekjøp. Avtalane er utforma slik at staten sin eigardel blir uendra etter kapitalnedsettinga. Avtalane er offentlege og regulerer òg utrekning av vederlaget til staten. Nærings- og fiskeridepartementet inngjekk i 2020 slike avtalar om tilbakekjøp med DNB ASA, Yara International ASA og Kongsberg Gruppen ASA. For DNB ASA blei tilbakekjøpsavtalen ikkje nytta.

Yara International ASA

Generalforsamlinga i Yara International ASA gav i mai 2020 styret i selskapet fullmakt til å erverve egne aksjar for inntil 5 pst. av selskapet sin aksjekapital i marknaden og frå staten. Fram til generalforsamlinga 2021 kjøpte selskapet 8 551 880 egne aksjar i marknaden. Kapitalnedsetting og sletting av desse aksjane, og i tillegg innløyving av 4 854 730 aksjar frå staten, blei vedteke på den ordinære generalforsamlinga i Yara International ASA i mai 2021. Etter at kapitalnedsettinga blei sett i kraft, fekk staten utbetalt eit vederlag på om lag 1 712 mill. kroner for dei innløyste aksjane. Staten sin eigardel er etter dette uendra på 36,21 pst.

Kongsberg Gruppen ASA

Generalforsamlinga i Kongsberg Gruppen ASA gav i mai 2020 styret i selskapet fullmakt til å erverve egne aksjar for eit samla vederlag på inntil 500 mill. kroner. Fram til generalforsamlinga 2021 kjøpte selskapet 578 262 egne aksjar i marknaden. Kapitalnedsetting og sletting av desse aksjane, og i tillegg innløyving av 578 357 aksjar frå staten, blei vedteke på den ordinære generalforsamlinga i Kongsberg Gruppen ASA i mai 2021. Etter at kapitalnedsettinga blei sett i kraft, fekk staten utbetalt eit vederlag på om lag 96 mill. kroner for dei innløyste aksjane. Staten sin eigardel er etter dette uendra på 50,004 pst.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med til saman 3 473,6 mill. kroner, frå 25 til 3 498,6 mill. kroner.

Kap. 5325 Innovasjon Noreg

Post 90 Avdrag på uteståande fordringar

Posten omfattar avdrag på lån som Innovasjon Noreg har teke opp i statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421, post 90 ovanfor. Som følge av høgare opptak av lån enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2021, er det behov for å auke løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,9 mrd. kroner frå 65,7 til 69,6 mrd. kroner.

Post 92 Låneordning for pakkereisearrangørar – avdrag

I revidert nasjonalbudsjett blei det budsjettert med avdrag frå denne ordninga på 10 mill. kroner i 2021. Innovasjon Noreg har no anslått at det vil bli tilbakebetalt om lag 75 mill. kroner i år. Årsaka til den store auken er ekstraordinære avdrag frå låntakarar. I tillegg har Innovasjon Noreg anslått renteinntekter frå ordninga på om lag 4,5 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga for avdrag med 65 mill. kroner frå 10 til 75 mill. kroner.

Kap. 5329 Eksportkredittordninga

Post 70 Gebyr m.m.

I Saldert budsjett 2021 blei det løyvd 30 mill. kroner til inntekter på gebyr under eksportkredittordninga. Det ventes lågare gebyrinntekter enn det som då var lagt til grunn for løyvinga, og nytt anslag er 20 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, frå 30 til 20 mill. kroner.

Post 90 Avdrag på uteståande fordringar

I Saldert budsjett 2021 blei det løyvd 10,3 mrd. kroner til inntekt frå avdrag under eksportkredittordninga. Eksportfinansiering Noreg anslår at avdrag vil bli om lag 3,5 mrd. kroner meir enn dette. Auken kjem av fleire førtidige innfriingar av lån som er venta i 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,5 mrd. kroner, frå 10,3 til 13,8 mrd. kroner.

Post 95 (ny) Tilbakeføring av innskoten egenkapital og likvidasjonsutbyte

Som følge av opprettinga av Eksportfinansiering Noreg (Eksfin) blei alle arbeidsoppgåver og tilsette i det statlege aksjeselskapet Eksportkreditt Noreg AS (Eksportkreditt) overført til Eksfin frå 1. juli 2021. Det blir arbeidd med å oppløyse aksjeselskapet før årsskiftet.

Når Eksportkreditt Noreg AS blir oppløyst etter aksjelova kap. 16, skal resterande verdier i selskapet omgjort til likvidar overførast til staten. Estimert likvidasjonsutbyte utgjer 21,9 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 21,9 mill. kroner. Vidare gjer departementet framlegg om fullmakt til å godkjenne sluttoppgjeret for Eksportkreditt Noreg AS og endeleg oppløyse selskapet, jf. forslag til vedtak V.

Kap. 5460 Eksportfinansiering Noreg

Post 50 Tilbakeføring av tapsavsetjing for garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring

Garantiordninga for re-forsikring av kredittforsikring blei avvikla 1. juli 2021. Då ordninga blei etablert, blei det løyvd eit tilskot til tap under ordninga på 1,62 mrd. kroner, jf. omtale i Prop. 117 S (2019–2020). I revidert budsjett for 2021 blei halve tapsavsetjinga, dvs. 810 mill. kroner, tilbakeført til staten. Ei ny vurdering viser at ytterlegare 405 mill. kroner kan tilbakebetalast i 2021. Det vil bli gjort ei ny vurdering i 2022.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 405 mill. kroner, frå 810 til 1 215 mill. kroner.

Post 73 Inntekter under ny statleg garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring

Inntektene frå ordninga utgjorde 58,5 pst. av premieinntektene frå kredittforsikringa som blei reforsikra med statlege garantiar, og kjem òg frå gjenvinningar i samband med erstatningsutbetalingar. Oppdaterte anslag tilseier at inntektene vil utgjere 127 mill. kroner i 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 10,6 mill. kroner, frå 116,4 til 127 mill. kroner.

Post 75 (ny) Tilbakeføring frå garantiordning for langsiktige kraftavtalar

I samband med opprettinga av garantiordning for kraftkjøp til den kraftintensive industrien (Kraftgarantiordninga) blei det løyvd eit tilskot på 10 mill. kroner til Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK) for å administrere ordninga, jf. Innst. 5 S og Prop. 1 S (2009–2010). Tilskotet skulle føres tilbake til staten når det var nok likviditet i ordninga. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 10 mill. kroner.

Post 76 (ny) Tilbakeføring frå garantiordning for kjøp av skip frå verft i Noreg til bruk i Noreg

I samband med opprettinga av garantiordninga for kjøp av skip frå verft i Noreg til bruk i Noreg (Skipsgarantiordninga) blei det løyvd eit tilskot på 10 mill. kroner for å administrere ordninga, jf. Innst. 8 S og Prop. 1 S (2017–2018). Tilskotet skulle føres tilbake til staten når det var nok likviditet i ordninga. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 10 mill. kroner.

Post 90 Avdrag på uteståande utbetaling ifølgje trekkfullmakt

I Saldert budsjett 2021 blei det løyvd 1 mill. kroner under posten. På grunn av at enkelte saker har teke lenger tid enn antatt, har lån som GIEK har trekt opp i 2021, blitt tilbakeført til statskassa.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1 048 mill. kroner, frå 1 til 1 049 mill. kroner.

Kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet

Post 71 Avgifter immaterielle rettar

Patentstyret si prognose syner at inntektene kjem til å ligge om lag 10 mill. kroner lågare enn det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2021. Prognosane er usikre i år, på grunn av pandemien.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, frå 161,5 til 151,5 mill. kroner.

Post 74 Fiskeriforskningsavgift

Fiskeriforskningsavgifta utgjer 1,35 pst. av førstehandsomsetninga for villfisk. Fiskeridirektoratet har utarbeidd oppdatert prognose for førstehandsverdien frå norske fiskeri. Det oppdaterte anslaget inneber reduserte inntekter frå fiskeriforskningsavgifta på om lag 17 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 17 mill. kroner, frå 342,4 til 325,4 mill. kroner.

Post 75 Tilsynsavgift Justervesenet

Det var forventa ein nedgang i inntektene frå sektoravgifter på grunn av koronapandemien. Denne forventinga har ikkje slått til.

På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 4 mill. kroner, frå 46,65 til 50,65 mill. kroner.

Post 76 Kontrollavgift fiskeflåten

Fiskesalslaga trekker kontrollavgift for fiskeflåten frå førstehandsomsetninga av fangst og overfører beløpa til Fiskeridirektoratet på etterskot i seks terminar per år. Innbetaling av sjettemin for 2021 vil først bli gjort i januar 2022. Departementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga med 7 mill. kroner, frå 42 til 35 mill. kroner.

Kap. 5613 Renter frå Siva SF*Post 80 Renter*

Siva kan ta opp lån i statskassa med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid, innafor ei låneramme på 700 mill. kroner. Som følge av faktiske renteinntektingar er det grunnlag for å auke løyvinga med 3,3 mill. kroner, frå 15,55 til 18,85 mill. kroner.

Kap. 5625 Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg*Post 80 Renter på lån frå statskassa*

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til å finansiere utlånsordningane sine til valfrie løpetid og ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Ut frå faktiske renteinntektingar så langt i år og prognosar for resten av året er det grunnlag for å redusere løyvinga. Årsaka er i hovudsak mykje lågare rentesatsar på innlåna enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2021.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 48 mill. kroner, frå 95 til 47 mill. kroner.

Post 82 (ny) Låneordning for pakkereisearrangørar – renter

Ein viser til omtale av auka avdrag på lån frå pakkereisearrangørar under kap. 5325, post 92.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 4,5 mill. kroner i renter frå lån til pakkereisearrangørar.

Kap. 5628 (nytt) Renter frå Investinor AS*Post 80 Renter frå såkornfond*

Ein viser til omtale av tilbakeføring av avdrag frå såkornfond under kap. 3950, post 92, og omtale av tap på hovudstol og renter av låna til såkornfonda under kap. 950, post 55.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 122,4 mill. kroner i renter frå lån til såkornfond.

Kap. 5629 Renter frå eksportkredittordninga*Post 80 Renter*

I Saldert budsjett 2021 blei det løyvd 1 300 mill. kroner i inntekter frå renter under eksportkredittordninga. Nytt anslag er 850 mill. kroner. Hovudårsakene er lågare rentenivå i marknaden enn forventa som følge av pandemien.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 450 mill. kroner, frå 1 300 til 850 mill. kroner.

Kap. 5656 Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvaltning*Post 85 Utbyte*

Ved handsaminga av Innst. 300 S og Prop. 195 S (2020–2021) blei løyvinga satt til 19 396,9 mill. kroner. Nye tal viser at utbyte frå selskapa vil bli 7 083,1 mill. kroner høgare. Utbyte frå DNB for 2020 som kjem til utbetaling i 2021, blei om lag 4,744 mrd. kroner. Dette kjem i tillegg til anslaget i Prop. 195 S (2020–2021) på utbyte på om lag 4,4 mrd. kroner for 2019 som ikkje blei utbetalt i 2020. Utbyte frå Posten Noreg AS blei 500 mill. kroner høgare fordi selskapet valde å justere balansen og kontantbeholdninga på eit meir optimalt nivå. Utbyte frå Yara International ASA blei 1 844,8 mill.

kroner høgare fordi versemda vedtok å utbetale eit tilleggsutbyte på 20 kroner per aksje, medan utbyte frå Baneservice AS blei 5,7 mill. kroner lågare som følge av lågare resultat enn forventa.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7 083,1 mill. kroner, frå 19 396,9 til 26 480 mill. kroner.

Orienteringssaker

Statleg eigerskap - Mesta AS

Styret i Mesta føreslo i samband med den ordinære generalforsamlinga i juni 2021 å omorganisere eigedomsverksemda i selskapet. Formålet var å organisere alle eigedommane i Mesta i dotterselskapet Mesta Eiendomsselskap AS. Eigedommane låg tidlegare i hovudsak i selskapet Mesta AS. Styret viste til at omorganiseringa vil legge til rette for ei meir føremålstenleg utvikling og drift av eigedommane, samstundes som å organisere eigedommane i eit dotterselskap synast føremålstenleg med tanke på eit ev. framtidig sal av eigedommane. Eigedomsverksemda er ikkje ein del av kjerneverksemda i Mesta.

Omorganiseringa har skjedd i to steg. Først blei det vedtatt på ordinær generalforsamling i Mesta AS 30. juni 2021 å utfisjonere eigedommane frå Mesta AS til Mesta Eiendomsselskap II AS som blei stifta ved fisjonen. Staten blei som følge av dette midlertidig eigar også i Mesta Eiendomsselskap II AS. Deretter blei det vedtatt på ekstraordinær generalforsamling 27. oktober 2021 å legge Mesta Eiendomsselskap II AS under Mesta AS som eit dotterselskap ved at aksjane i Mesta Eiendomsselskap II AS blei brukt som tingsinnskott (førhøging av aksjekapitalen) i Mesta AS. Staten sitt eigarskap og aksjekapital i Mesta AS blei etter dette lik som før omorganiseringa blei satt i verk.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Nærings- og fiskeridepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Nærings- og fiskeridepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2021 under Nærings- og fiskeridepartementet

I

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
900		Nærings- og fiskeridepartementet	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 49 026 000 til kr 46 976 000	2 050 000
	25	Forvaltning og utvikling av kompensasjonsordning mv., blir auka med..... frå kr 70 000 000 til kr 80 000 000	10 000 000
	80	Kompensasjonsordning for utgifter til innreisekarantene ved bruk av utanlandsk arbeidskraft, blir redusert med..... frå kr 920 000 000 til kr 500 000 000	420 000 000
	82	Mellombels støtteordning for publikumsopne arrangement, blir redusert med..... frå kr 740 000 000 til kr 300 000 000	440 000 000
	85	Mellombels kompensasjonsordning for verksemder med stort fall i omsetning som følge av koronapandemien, <i>omlagføring</i> , blir redusert med..... frå kr 9 000 000 000 til kr 8 000 000 000	1 000 000 000
	90	Hybridlån til Norwegian Air Shuttle ASA, blir redusert med..... frå kr 1 500 000 000 til kr 1 214 000 000	286 000 000
	91	Obligasjonslån til Norwegian Air Shuttle ASA, blir redusert med..... frå kr 3 000 000 000 til kr 2 428 000 000	572 000 000
902		Justervesenet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 124 611 000 til kr 123 111 000	1 500 000
903		Norsk akkreditering	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 54 734 000 til kr 43 734 000	11 000 000

Kap.	Post	Nemning	Kroner
904		Brønnøysundregistra	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med.....	47 000 000
		frå kr 140 000 000 til kr 93 000 000	
906		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard	
	30	Sikrings- og miljøtiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	3 500 000
		frå kr 8 700 000 til kr 5 200 000	
	31	Miljøtiltak Løkken, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	4 500 000
		frå kr 9 250 000 til kr 4 750 000	
908		Institutt for energiteknikk	
	72	Lån til flytting av laboratorium og infrastruktur, blir redusert med.....	40 000 000
		frå kr 40 000 000 til kr 0	
909		Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk	
	73	Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	56 000 000
		frå kr 2 666 000 000 til kr 2 610 000 000	
910		Sjøfartsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	3 550 000
		frå kr 453 579 000 til kr 457 129 000	
917		Fiskeridirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med.....	29 000 000
		frå kr 476 157 000 til kr 447 157 000	
	22	Fiskeriforskning og -overvaking, <i>kan overførast</i> , blir redusert med.....	6 120 000
		frå kr 125 088 000 til kr 118 968 000	
919		Ymse fiskeriføremål	
	74	Erstatningar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	1 000 000
		frå kr 1 900 000 til kr 900 000	
	76	Tilskot til fiskeriforskning, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	340 000
		frå kr 6 893 000 til kr 6 553 000	
922		Romverksemd	
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir redusert med.....	42 000 000
		frå kr 262 000 000 til kr 220 000 000	
	71	Internasjonal romverksemd, blir auka med	2 300 000
		frå kr 510 200 000 til kr 512 500 000	

Kap.	Post	Nemning	Kroner
	73	EU sine romprogram, blir redusert med	160 200 000
		frå kr 573 700 000 til kr 413 500 000	
923		Havforskningsinstituttet	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	40 000 000
		frå kr 427 383 000 til kr 387 383 000	
	22	Fiskeriforskning og -overvaking, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	10 540 000
		frå kr 214 930 000 til kr 204 390 000	
924		Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram	
	70	Tilskot, blir redusert med	2 400 000
		frå kr 24 800 000 til kr 22 400 000	
950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med	17 900 000
		frå kr 22 677 000 til kr 40 577 000	
	54	Risikokapital, Investinor AS, blir auka med	20 500 000
		frå kr 120 000 000 til kr 140 500 000	
	55 (ny)	Tapsfond såkornkapital, Investinor AS, blir løyvd med	45 400 000
	91	Kapitalinnskot, Investinor AS, blir auka med	38 000 000
		frå kr 222 000 000 til kr 260 000 000	
	92	Lån til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, blir redusert med	72 000 000
		frå kr 524 000 000 til kr 452 000 000	
	95	Eigenkapitalinnskot til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, blir redusert med	47 800 000
		frå kr 366 000 000 til kr 318 200 000	
2421		Innovasjon Noreg	
	50	Innovasjon – prosjekt, fond, blir redusert med	150 000 000
		frå kr 2 802 500 000 til kr 2 652 500 000	
	70	Basiskostnader, blir auka med	75 000 000
		frå kr 172 131 000 til kr 247 131 000	
	75	Grøn plattform, <i>kan nyttast under post 50, 71, 72 og 76</i> , blir redusert med	187 500 000
		frå kr 187 500 000 til kr 0	
	80	Næringstiltak Svalbard, blir redusert med	1 830 000
		frå kr 2 050 000 til kr 220 000	
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	8 900 000 000
		frå kr 66 700 000 000 til kr 75 600 000 000	

Kap.	Post	Nemning	Kroner
2429		Ekspportkredittordninga	
	90	Utlån, blir auka med..... frå kr 5 000 000 000 til kr 6 500 000 000	1 500 000 000
2460		Ekspportfinansiering Noreg	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter	-214 400 000
		2 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	213 800 000
		6 Til reguleringsfond	3 400 000
			<u>2 800 000</u>
2540		Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 100 000 000 til kr 80 000 000	20 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
3900		Nærings- og fiskeridepartementet	
	01	Ymse inntekter og refusjonar knytt til ordinære driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 200 000 til kr 4 000	196 000
	02	Ymse inntekter og refusjonar knytt til særskilde driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 80 000 til kr 0	80 000
	86	Tvangsmulkt, blir redusert med..... frå kr 10 000 til kr 0	10 000
3902		Justervesenet	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med..... frå kr 21 224 000 til kr 18 224 000	3 000 000
	03	Inntekter frå sal av tenester, blir redusert med..... frå kr 25 275 000 til kr 21 275 000	4 000 000
3903		Norsk akkreditering	
	01	Gebyrinntekter og andre inntekter, blir redusert med..... frå kr 48 950 000 til kr 37 950 000	11 000 000
3904		Brønnøysundregistra	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med..... frå kr 544 992 000 til kr 599 992 000	55 000 000

Kap.	Post	Nemning	Kroner
3906		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard	
	02	Handsamingsgebyr, blir auka med frå kr 799 000 til kr 1 150 000	351 000
3907		Norsk nukleær dekommisjonering	
	01	Innbetaling frå Institutt for energiteknikk, blir redusert med..... frå kr 8 500 000 til kr 500 000	8 000 000
3910		Sjøfartsdirektoratet	
	01	Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR, blir redusert med..... frå kr 223 432 000 til kr 220 132 000	3 300 000
	03	Ymse inntekter, blir auka med frå kr 450 000 til kr 4 000 000	3 550 000
	04	Gebyr for skip i NIS, blir auka med frå kr 56 045 000 til kr 63 645 000	7 600 000
	86	Lovbrottsgebyr og tvangsmulkt, blir auka med frå kr 4 800 000 til kr 11 000 000	6 200 000
3911		Konkurransetilsynet	
	86	Lovbrottsgebyr, blir auka med..... frå kr 100 000 til kr 15 582 000	15 482 000
3912		Klagenemndssekretariatet	
	01	Klagegebyr, blir auka med frå kr 799 000 til kr 1 751 000	952 000
	87	Lovbrottsgebyr, blir auka med..... frå kr 1 080 000 til kr 4 638 000	3 558 000
3917		Fiskeridirektoratet	
	01	Refusjonar og ymse inntekter, blir redusert med..... frå kr 6 000 000 til kr 1 000 000	5 000 000
	86	Forvaltningssanksjonar, blir auka med..... frå kr 1 000 000 til kr 11 000 000	10 000 000
3923		Havforskningsinstituttet	
	01	Oppdragsinntekter, blir redusert med..... frå kr 441 520 000 til kr 401 520 000	40 000 000
3935		Patentstyret	
	02	Inntekter knytt til NPI, blir redusert med frå kr 5 095 000 til kr 4 500 000	595 000

Kap.	Post	Nemning	Kroner
3936		Klagenemnda for industrielle rettar	
	01	Gebyr, blir redusert med..... frå kr 749 000 til kr 600 000	149 000
3950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	55 (ny)	Tilbakeført kapital, pre-så Kornfond, blir løyvd med	25 200 000
	92 (ny)	Tilbakeført kapital, så Kornfond, blir løyvd med	348 000 000
	96	Sal av aksjar, blir auka med..... frå kr 25 000 000 til kr 3 498 600 000	3 473 600 000
5325		Innovasjon Noreg	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med	3 900 000 000
		frå kr 65 700 000 000 til kr 69 600 000 000	
	92	Låneordning for pakkereisearrangørar – avdrag, blir auka med	65 000 000
		frå kr 10 000 000 til kr 75 000 000	
5329		Eksporthandlingsordninga	
	70	Gebyr m.m., blir redusert med	10 000 000
		frå kr 30 000 000 til kr 20 000 000	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med	3 500 000 000
		frå kr 10 300 000 000 til kr 13 800 000 000	
	95 (ny)	Tilbakeføring av innskoten eigenkapital og likvidasjonsutbyte, blir løyvd med.....	21 900 000
5460		Eksporthandling Noreg	
	50	Tilbakeføring av tapsavsetjing for garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring, blir auka med.....	405 000 000
		frå kr 810 000 000 til kr 1 215 000 000	
	73	Inntekter under ny statleg garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring, blir auka med.....	10 600 000
		frå kr 116 400 000 til kr 127 000 000	
	75 (ny)	Tilbakeføring frå garantiordning for langsiktige kraftavtalar, blir løyvd med.....	10 000 000
	76 (ny)	Tilbakeføring frå garantiordning for kjøp av skip frå verft i Noreg til bruk i Noreg, blir løyvd med	10 000 000
	90	Avdrag på uteståande utbetaling ifølgje trekkfullmakt, blir auka med.....	1 048 000 000
		frå kr 1 000 000 til kr 1 049 000 000	
5574		Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet	
	71	Avgifter immaterielle rettar, blir redusert med.....	10 000 000
		frå kr 161 500 000 til kr 151 500 000	

Kap.	Post	Nemning	Kroner
	74	Fiskeriforskningsavgift, blir redusert med..... frå kr 342 433 000 til kr 325 433 000	17 000 000
	75	Tilsynsavgift Justervesenet, blir auka med..... frå kr 46 650 000 til kr 50 650 000	4 000 000
	76	Kontrollavgift fiskeflåten, blir redusert med frå kr 42 000 000 til kr 35 000 000	7 000 000
5613		Renter frå Siva SF	
	80	Renter, blir auka med frå kr 15 550 000 til kr 18 850 000	3 300 000
5625		Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg	
	80	Renter på lån frå statskassa, blir redusert med..... frå kr 95 000 000 til kr 47 000 000	48 000 000
	82 (ny)	Låneordning for pakkereisearrangørar – renter, blir løyvd med.....	4 500 000
5628 (nytt)		Renter frå Investinor AS	
	80	Renter frå såkornfond, blir løyvd med	122 400 000
5629		Renter frå eksportkredittordninga	
	80	Renter, blir redusert med..... frå kr 1 300 000 000 til kr 850 000 000	450 000 000
5656		Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvaltning	
	85	Utbyte, blir auka med frå kr 19 396 900 000 til kr 26 480 000 000	7 083 100 000

II

Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» tilføyast:

1. kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet, post 82 Mellombels støtteordning for publikumsopne arrangement
2. kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap, post 92 Lån til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS
3. kap. 2421 Innovasjon Noreg, post 79 Tilskot til kondemneringsordning for skip

III

Fullmakt til å gi tilsegn om løyving i seinare budsjetterminar

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2021 kan:

1. gi tilsegn om lån for inntil 72 mill. kroner utover gitt løyving på kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap, post 92 Lån til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, knytt til kjøpet av Hurtigruten Svalbard sin bygningsmasse i Longyearbyen.
2. gi tilsegn om eigenkapital for inntil 47,8 mill. kroner utover gitt løyving på kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap, post 95 Eigenkapitalinnskot til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, knytt til kjøpet av Hurtigruten Svalbard sin bygningsmasse i Longyearbyen.

IV

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2021 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
2421		Innovasjon Noreg	
	75	Grøn plattform	368 mill. kroner
	80	Næringstiltak Svalbard	3,6 mill. kroner

V

Endeleg oppløysing av
Eksportkreditt Noreg AS

Stortinget samtykkjer til at Nærings- og fiskeridepartementet godkjenner sluttoppgjeret for Eksportkreditt Noreg AS og endeleg oppløyser selskapet. Sluttoppgjeret blir postert på 90-post for å synleggjere tilbakeføring av innskoten eigenkapital og netto eigendelar i Eksportkreditt Noreg AS i statsrekneskapan.

VI

Fullmakt til å overføre ubrukte midlar
i reguleringsfond

Stortinget samtykkjer til at Nærings- og fiskeridepartementet i 2021 kan gi Eksportfinansiering Noreg fullmakt til å overføre eventuelt mindreforbruk til forvaltning av eksportkredittordninga i eit reguleringsfond, avgrensa slik at maksimalt inneståande på reguleringsfondet ved utløpet av budsjettåret er 5 pst. av løyvinga på kap. 2429, post 70 i 2021.